



Statsforvaltaren i Rogaland

TILSYNSRAPPORT - VEDTAK

Skolebasert vurdering

Strand kommune – Tau skole

21.06.2021

Samandrag

Vi fører tilsyn med Strand kommune. Temaet for tilsynet er skolebasert vurdering. Tilsynet blei frå 13.12.2019 skilt ut som eige tema i felles nasjonalt tilsyn.

Skolebasert vurdering er skolen si jamlege vurdering av i kva grad eiga verksemd medverkar til at elevane når måla i læreplanverket. Det overordna føremålet med tilsynet er at skolebasert vurdering på denne måten medverkar til at elevane får eit best mogleg utbytte av opplæringa.

Dei samla funna våre viser at den skolebaserte vurderinga på Tau skole er fragmentert og i lita grad sett i system. Konsekvensen av dette er at skolen ikkje oppfyller krava i § 13-3e i opplæringslova.

Kommunen fekk ein foreløpig tilsynsrapport og har ikkje uttala seg om innhaldet i rapporten. Vi gjer no vedtak om pålegg om retting. Kommunen har rettefrist til 01.11.2021.

Innhald

1	Innleiing.....	3
1.1	Kort om kommunen og skolen.....	3
1.2	Om gjennomføringa av tilsynet.....	3
1.3	Formålet med tilsynet.....	4
2	Skolebasert vurdering.....	5
2.1	Rettslege krav.....	5
2.2	Våre observasjonar, vurderingar og konklusjonar.....	6
2.2.1	Skolebasert vurdering på Tau skole.....	6
2.2.2	Medverknad i den skolebaserte vurderinga.....	11
2.2.3	Jamleg skolebasert vurdering.....	14
3	Våre reaksjonar.....	15
3.1	Pålegg om retting.....	15
3.2	Oppfølging av pålegga.....	15
4	De har rett til å klage.....	16
	Vedlegg: Liste over dokumentasjon.....	17

1 Innleiing

Vi fører tilsyn med offentlege skolar, jf. opplæringslova § 14-1 første ledd, jf. kommunelova kapittel 30.

I tilsyn kontrollerer vi om skolane oppfyller opplæringslova med forskrifter.

Våre tilsyn er offentlig myndigheitsutøving, noko som inneber at vi skal gjennomføre tilsynet i samsvar med reglane i forvaltningsretten og offentliglova. I tilsynet behandlar vi personopplysningar. Les meir om vår behandling av personopplysningar på [www.udir.no/regelverk-og-tilsyn/](http://www.udir.no/regelverk-og-tilsyn/tilsyn/).

1.1 Kort om kommunen og skolen

Strand kommune er ein kommune med ca. 13 000 innbyggjarar. Strandaskolen har rundt 1656 elevar fordelt på 6 skolar. Strand kommune utarbeider fireårige kommunale utviklingsplanar. I utviklingsplanen for 2021-2025 er Strandaskolen sin visjon at elevane skal vere motiverte og aktive, og få utfalde seg fagleg og sosialt i eit inkluderande fellesskap. Utviklingsområda er språk og inkludering, og måla er at elevane skal få styrka sin språklege kompetanse og at dei skal erfare at dei er del av eit fellesskap og eit støttande læringsmiljø.

Tilsynet skal vere risikobasert. Risikovurderinga bygger på informasjon Statsforvaltaren har frå ulike kjelder; kvantitative data, informasjon frå klagesaker og tilsyn og informasjon frå sektor og andre.

Tau skole er ein barneskole og har 351 elevar og 32 lærarar¹. Resultata frå nasjonale prøver over tid viser at ca. 1/3 av elevane er på meistringsnivå 1 på 5. trinn. I rekning aukar delen av elevar som er på dei lågaste nivåa på 8. trinn, medan det er meir stabilt for engelsk og lesing. Resultata frå Elevundersøkinga viser at skolen har hatt negativ utvikling på fleire indikatorar, særleg motivasjon og elevdemokrati og medverknad. Skolen har negativ skolebidragsindikatoren på 1.-4. trinn.

1.2 Om gjennomføringa av tilsynet

Vi opna tilsyn med Strand kommune i brev frå 20.01.2021. De vart pålagde å levere dokumentasjon til oss. Vi har fått dokumentasjonen for å gjennomføre tilsynet.

Temaet for tilsynet er skolebasert vurdering, jf. opplæringslova § 13-3e.

Vi har ikkje sett på korleis de oppfyller andre krav i regelverket.

¹ Tal frå GSI 2020-21

Det er kommunen som har det overordna ansvaret for at krava i opplæringslova blir gjennomførte, jf. opplæringslova § 13-10. Vi gir derfor eventuelle pålegg i tilsynet til kommunen som har ansvaret for at skolen rettar opp brot på regelverket.

Vi sende foreløpig tilsynsrapport til dykk 03.06.2021. Der presenterte vi dei foreløpige vurderingane og funna våre.

1.3 Formålet med tilsynet

Opplæringssektoren skal arbeide med kvalitet i opplæringa i alle ledd, frå nasjonale myndigheiter og skoleeigarar til skoleleiarar og lærarar. Kvalitetsarbeidet strekk seg frå lokal kompetanseutvikling gjennom nasjonale satsingar, kompetansepakkar og desentralisert ordning til den enkelte skolen som driv skolebasert vurdering.

Profesjonsfellesskap og skoleutvikling skal vere eit prinsipp for skolen sin praksis². Profesjonsfellesskapet er ein grunnstein i kvalitetsarbeidet i skolen, og formålet er at dei tilsette skal reflektere over felles verdiar, og vurdere og vidareutvikle praksisen sin.

I NOU 2019:23 Ny opplæringslov³ seier utvalet at *arbeid med kvalitetsutvikling i skulen er viktig for å sikre barn sin grunnleggande menneskerettar og for å nå måla med opplæringa*. Utvalet foreslo å samle reguleringa av krava om kvalitetsvurderingar på skolenivå og kommunenivå, både for å gi betre samanheng i regelverket, men også fordi kvalitetsvurdering på skolenivå er sentralt for å nå formålet med grunnopplæringa. Reglane for skolebasert vurdering blei, i tråd med utvalet sitt forslag, flytta frå forskrifta til opplæringslova frå januar 2021. I lovkravet kjem det fram at kommunen har ansvar til å arbeide med kvalitetsutvikling, og at skolebasert vurdering vil vere grunnlaget for kommunen si kvalitetsutvikling.

Ekspertgruppe for skolebidrag⁴ seier at det er dei skolane som systematisk vurderer eigen praksis og bruker dette aktivt til å utvikle kvaliteten i opplæringa, som lukkast best i å løfte elevane sine resultat. Dei har også funne at høg skolefagleg kompetanse og medverknad er viktige faktorar i arbeid med kvalitetsutvikling. Ekspertgruppa seier også at det er viktig at skoleeigar følger opp og støttar skolane i den skolebaserte vurderinga for at skolane skal lukkast i arbeidet. Ekspertutvalet sine vurderingar samsvarer med krava i oppll. 13-3e.

Skolebasert vurdering er skolen si jamlege vurdering av i kva grad eiga verksemd medverkar til at elevane når måla i læreplanverket. Dette betyr at skolen skal vurdere organiseringa, tilrettelegginga og gjennomføringa av opplæringa. Det overordna formålet med tilsynet er at skolebasert vurdering på denne måten medverkar til at elevane får eit godt utbytte av opplæringa.

Tilsynet skal bidra til at kommunen som skoleeigar sørger for at skolen ved skolebasert vurdering

² <https://www.udir.no/lk20/overordnet-del/3.-prinsipper-for-skolens-praksis/3.5-profesjonsfellesskap-og-skoleutvikling/>

³ <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/nou-2019-23/id2682434/?ch=1>

⁴ <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/en-skole-for-var-tid/id2847088/>

- har brei og samla vurdering av måloppnåinga til elevane
- vurderer om endringar kan bidra til auka måloppnåing hos elevane
- følgjer opp endringane
- sikrar ein brei medverknad i gjennomføringa
- gjennomfører vurderinga jamleg

Dette er viktige føresetnader for at organiseringa, tilrettelegginga og gjennomføringa av opplæringa kan forbeholdast, slik at elevane i større grad når måla for opplæringa.

2 Skolebasert vurdering

2.1 Rettslege krav

Skolen skal bruke eit breitt kunnskapsgrunnlag for å vurdere om elevane når måla i læreplanverket

De skal jamleg vurdere i kva for grad organiseringa, tilrettelegginga og gjennomføringa av opplæringa bidrar til at elevane når måla i læreplanverket, jf. opplæringslova § 13-3e andre ledd. I vurderinga må de samanhalde resultatet av opplæringa med mål og prinsipp i læreplanverket. De må ha eit kunnskapsgrunnlag som reflekterer breidda av måla i læreplanverket, både faglege mål og mål som omfattar trivsel og utvikling hos elevane på andre område. De må bruke kunnskapsgrunnlaget til å vurdere i kva for grad elevane når måla for opplæringa.

Skolen skal vurdere om endringar i organiseringa, tilrettelegginga og gjennomføringa av opplæringa kan bidra til auka måloppnåinga hos elevane

Den skolebaserte vurderinga skal identifisere kva for endringar som best kan auke måloppnåinga for elevane. I kravet ligg det at de må vurdere ulike typar endringar, for eksempel nye tiltak, utviklingsarbeid eller ei vidareføring av det de allereie gjer. De må vurdere endringane for skolen som heilskap, sjølv om konsekvensane av endringane i nokre tilfelle primært vil vise seg for enkelte klasser eller for enkelte fag.

Skolen skal evaluere dei iverksette endringane og gjere nødvendige tilpassingar

Hensikta med den skolebaserte vurderinga er å sørge for at skolen lærer og utviklar seg slik at elevane i enda større grad kan nå måla i læreplanverket. Når de gjennom vurderinga avdekkjer forbetningsområde, må de derfor følgje opp dette vidare. Dersom endringane ikkje fører til betring, må de gjere nødvendige tilpassingar.

Skolen skal ha ein brei og representativ medverknad i arbeidet med skolebasert vurdering

Vurderinga må involvere alle partar det vedkjem i analysen og i arbeidet med endringar og tiltak på bakgrunn av analysen. Gjennom vurderinga blir personalet bevisstgjort på samanhengen mellom gjennomføringa av opplæringa og i kva for grad elevane når måla. Lærarane er sentrale i å gjennomføre dei fleste endringstiltaka. De vurderer elles kven som skal delta.

Skolen må involvere elevane i den skolebaserte vurderinga

For å kunne vurdere i kva for grad organiseringa, tilrettelegginga og gjennomføringa av

opplæringa bidrar til at elevane når måla i læreplanverket, må de involvere elevane. Det kan variere kva for elevgrupper og kor mange ut ifrå kva som er temaet, men de skal alltid involvere elevane, jf. opplæringslova § 13-3e andre ledd.

Skolen skal gjennomføre skolebasert vurdering jamleg

De må gjennomføre skolebasert vurdering jamleg, jf. opplæringslova § 13-3e andre ledd. I utgangspunktet bør skolen gjennomføre vurderinga årleg, men samstundes vurdere tidsbruken opp mot kva som er forsvarleg.

2.2 Våre observasjonar, vurderingar og konklusjonar

Utdanningsdirektoratet har utvikla støttemateriell for å driva kvalitetsarbeid i opplæringa⁵. I kvalitetsarbeidet må skolen stille seg dei overordna spørsmåla *Kva veit vi? Kva får vi til? Kva kan vi bli betre på? Korleis kan vi endre praksis?* Kvalitetsarbeid inneber at skolen set seg mål, vel tiltak og evaluerer om endringane fører fram. Ein føresetnad for desse prosessane er at skolen innhentar informasjon om nåsituasjonen og lagar felles mål eller framtidsbilete. Val av tiltak skal vere forankra i forskning, erfaringsbasert kunnskap og etiske vurderingar, og profesjonsfelleskapet og elevmedverknaden er sentral for å drive kvalitetsutvikling i skolen. Skolen sine system og prosessar i den skolebaserte vurderinga har stor betydning for å sikre systematisk arbeid med kvaliteten på opplæringa.

Kontrollspørsmåla i tilsynet er utarbeidd frå dei rettslege krava, og belyser korleis skolebasert vurdering er eit kvalitetsarbeid i den enkelte skole. Vi legg svara i RefLex, intervju og innsendt dokumentasjon til grunn for vurderingane våre om skolen oppfyller krava i regelverket. Vi er kjent med Strand kommune sitt system for 4-årige kommunale utviklingsplanar, og Strand kommune sin utviklingsplan for 2016-2020 og 2021-2025. Vi forstår den kommunale utviklingsplanen som ein del av skoleeigar sitt system for kvalitetsttsarbeid i Strandaskolen, og at vurderingane i planen er gjort for Strandaskolen som heilskap. Vi legg dei same vurderingane til grunn for *Strategi for digitalisering av Strandaskolen 1:1*. I tilsynet vurderer vi dei skolebaserte prosessane, og vi tar derfor utgangspunkt i den lokale utviklingsplanen til Tau skole og anna dokumentasjon i vurderingane våre.

2.2.1 Skolebasert vurdering på Tau skole

Skolebasert vurdering kan delast inn i tre delar. Å få oversikt over nåsituasjonen, identifisere, velje og gjennomføre endringar, og deretter evaluere og justere endringane. I alle delane stiller regelverket krav til at skolen skal gjere vurderingar av eigen praksis opp mot føremålet; at elevane skal nå måla i læreplanverket. Eigen praksis er å forstå som organiseringa, tilrettelegginga og gjennomføringa av opplæringa.

Bruker skolen eit breitt kunnskapsgrunnlag for å vurdere om elevane når måla i læreplanverket?

⁵ <https://www.udir.no/kvalitet-og-kompetanse/kvalitetsarbeid-i-opplaringen/>

I intervjuet og RefLex kjem det fram at Tau skole samlar inn resultat frå både nasjonale kartleggingar som Elevundersøkinga, nasjonale prøver og kartleggingsprøver, samt lokale kartleggingar som ordkjedetest, orddiktat, fredagssjekk og trivselsundersøkingar. I tillegg har skolen eit system for å gjennomføre elev- og utviklingssamtalar og undervegsvurdering i fag. Vi finn at leiinga har kjennskap til lærarane sin praksis mellom anna gjennom jamlege møter med trinnleiarane og referat frå trinnmøter.

Regelverket krev eit breitt kunnskapsgrunnlag. Vi meiner at kunnskapsgrunnlaget Tau skole viser til har nokre manglar. Undersøkingane våre viser at skolen legg vekt på resultatata frå nasjonale prøver på 5. trinn. Vi er kjent med at lærarane på mellomtrinnet gjennomfører prøvane på 8. trinn. Vi forstår at dette primært er for å kunne førebu elevane på prøvane. Dei samla funna våre viser ikkje at skolen har god kjennskap til resultatata frå nasjonale prøver på 8. trinn, eller at resultatata blir forstått som ein del av kunnskapsgrunnlaget.

Vi er kjent med at utviklingsområda lesing, skriving og matematisk kompetanse no blir vidareført under utviklingsområdet *språk*, og sosial kompetanse under utviklingsområdet *inkludering*. Statsforvaltaren meiner at ei evaluering av førre utviklingsplan er ein sentral del av kunnskapsgrunnlaget når skolen skal vurdere nye utviklingsområde, særleg når skolen vurderer om dei skal vidareføre eit eller fleire utviklingsområde. Evaluering av arbeidet som skolen har gjort innanfor utviklingsområda kan vise kva i skolen sin praksis som bidrar positivt til elevane si måloppnåing. Undersøkingane våre har ikkje vist at skolen har gjort ei slik samla evalueringa av førre utviklingsplan.

Skolen gjennomfører elevundersøkinga på 7. trinn, og slik er elevane på skolen sitt syn er ein del av kunnskapsgrunnlaget. Statsforvaltaren meiner det likevel ikkje er breitt nok. Berre eit utval av elevane har svart, og vi kan ikkje sjå at skolen spør elevane, til dømes gjennom elevrådet, om kva som ligg bak svara. Utan utfyllande informasjon vil det vere vanskeleg for skolane å bruke resultatata til å vurdere korleis skolen sin praksis fører til dei ulike resultatata. På same måte kan vi ikkje sjå at Foreldreundersøkinga er ein del av kunnskapsgrunnlaget.

Statsforvaltaren si vurdering er at kunnskapsgrunnlaget til Tau skole ikkje er breitt nok.

Regelverket krev at skolen skal bruke kunnskapsgrunnlaget for å vurdere i kva grad elevane når måla i læreplanverket. Kravet gjeld både faglege mål og mål som omfattar trivsel og utvikling hos elevane på andre område. Undersøkingane våre viser at lærarane har eit breitt grunnlag for å vurdere om kvar enkel elev når måla i læreplanverket, men at skolen i lita grad ser resultatata frå dei ulike kartleggingane i samheng med vurderingane i faga. Funna våre viser at lærarane har mest kunnskap om eigne elevar og trinnet si måloppnåing. Skolebasert vurdering krev at skolen løfter resultatata opp på skolenivå og vurderer i kva grad elevane som gruppe når måla i læreplanverket. Årsrapporten for 2020 viser at det er sannsynleg at rektor har kjennskap til elevane som gruppe si måloppnåing i sosial læring og utvikling, men vi har ikkje gjort tilsvarande funn for måloppnåing i fag. Statsforvaltaren si vurdering er at skolen ikkje vurderer elevane si samla måloppnåing i tilstrekkeleg grad.

Vidare krev regelverket at skolen skal reflektere over samanhengen mellom eigen praksis og elevane si måloppnåing.

Undersøkingane våre viser at skolen har arbeidd systematisk med resultatane på nasjonale prøver i lesing for 5. trinn. Personalet skal mellom anna ta stilling til kva oppgåver som var krevjande for elevane, om samanhengen mellom tekstane i prøvene og undervisninga, årsaka til resultatane og om resultatane var som venta. Vi forstår oppsummeringsmøtet 08.02.21 som ei oppfølging av arbeidet med nasjonale prøver, og vurderer dermed at Tau skole er i ein prosess der dei vurderer resultatane av nasjonale prøver på skolenivå. Funna våre viser likevel ikkje at skolen har likande prosessar for prøvane i rekning og engelsk, eller at dei blir sett i samanheng med resultatane frå nasjonale prøver på 8. trinn.

I årsrapport for 2020 les vi at rektor vurderer at skolen skårar dårleg på motivasjon, men at det ikkje er mobbing på skolen. Undersøkingane våre viser ikkje at skolen har gjort utfyllande vurderingar av resultatane. Elevundersøkinga for 2020 viser ein tilbakegang på fleire indikatorar. Då må skolen spørje seg kva det er i skolen sin praksis som *kan* ha ført til tilbakegangen.

Vi finn enkelte prosessar som viser at skolen stiller seg spørsmål om kva dei får til og kva dei bør bli betre på. I dokumentet *Refleksjon og vurderingar av våre resultater i forbindelse med utarbeidelse av ny utviklingsplan for perioden 2021-25* finn vi at skolen bruker ulike kjelder for å vurdere kva som er bra og kva skolen kan bli betre på innanfor utviklingsområda språk og inkludering. Referat frå trinnmøte 10.02.2021 viser at rektor følgjer opp arbeidet. På same måte viser dokumentet *Hvordan skal vår skole arbeide for å sikre gode prosesser i fagfornyelsen* at personalet reflekterer over eigen praksis i samband med arbeidet med verdigrunnlaget i opplæringa i LK20. Dette viser at det er kapasitet i organisasjonen til å gjennomføre slike prosessar. Dei samla funna våre viser likevel ikkje at dette er ein etablert praksis på noverande tidspunkt.

Statsforvaltaren vurderer at skolen har eit fragmentert bilete av nåsituasjonen. Ståstadsanalysen⁶ kan vere eit verktøy for å få ein betre oversikt over nåsituasjonen. Dei samla funna viser at skolen gjer nokre vurderingar av kunnskapsgrunnlaget. Skolen spør seg sjølv berre i noko grad *kvifor* resultatane er som dei er, eller tolkar resultatane i lys av observasjonar og erfaringar frå skolen sin praksis. Ein måte å synleggjere vurderingane på kan vere å beskrive nåsituasjonen og analysane av kunnskapsgrunnlaget i utviklingsplanen eller årsrapporten.

Statsforvaltaren sin konklusjon er Tau skole ikkje oppfyller krava i regelverket på dette punktet.

For å oppfylle krava må skolen synleggjere at dei bruker eit breiare kunnskapsgrunnlag når dei vurderer i kva grad elevane når måla. Vidare må skolen synleggjere prosessar der dei vurderer elevane si måloppnåing på skolenivå, og at vurderingane blir gjort på grunnlag av kunnskapsgrunnlaget og refleksjon over skolen sin praksis.

Vurderer skolen om endringar i organiseringa, tilrettelegginga og gjennomføringa av opplæringa kan bidra til auka måloppnåing hos elevane?

I den skolebaserte vurderingane skal skolen identifisere og velje endringar som kan auke elevane si måloppnåing. Utdanningsdirektoratet skriv at skolen må lage tydelege mål eller framtidsbilete⁷

⁶ <https://www.udir.no/kvalitet-og-kompetanse/statedsanalyse/statedsanalysen-for-skole/>

⁷ <https://www.udir.no/kvalitet-og-kompetanse/utvikle-praksis-sammen/lage-felles-mal-eller-fremtidsbilde/#128322>

som kan omsetjast til tiltak eller aktivitetar. Ordet *endringar* betyr at skolen må iverksette *tiltak* eller *aktivitetar* som har som hensikt å *endre* skolen sin praksis for å nå fastsette mål eller framtidsbilete.

Statsforvaltaren har allereie vurdert at skolen ikkje har eit breitt nok kunnskapsgrunnlag. Vi kan likevel vurdere om skolen har identifisert og vurdert ulike endringar på grunnlag av kunnskapsgrunnlaget skolen har.

Utviklingsplanen for 2016-2020 viser at skolen har valt sosial kompetanse, lese- og skrivekompetanse og matematisk kompetanse som satsingsområde i føregående periode. Sjølv om denne utviklingsplanen ikkje lenger er gjeldande, vil planen vere ein del av grunnlaget for vurderingane våre då skolen sin utviklingsplan for 2021-2025 ikkje er ferdig. I utviklingsplanen finn vi teikn på god praksis og verktøy for vurdering av måloppnåing. Statsforvaltaren si vurdering er at teikn på god praksis på alle tre områda i stor grad viser til eksisterande krav i regelverket, til dømes tilpassa opplæring, elevane sitt skolemiljø, vurdering og medverknad. Det kjem ikkje tydeleg fram kva som er endringar i skolen sin praksis.

I årsrapport for 2020 les vi kva tiltak skolen har arbeidd med innanfor dei tre utviklingsområda. På same måte som i utviklingsplanen vurderer vi at fleire av tiltaka er krav i regelverket. Nokre av tiltaka viser til kjenneteikna på god praksis i utviklingsplanen, i tillegg andre tiltak. Under *Læringsresultater* les vi at skolen må ha *fokus på motivasjon fremover*, og at skolen set inn styrkingstiltak i norsk og matematikk, og at dei skal bruke Udir sitt analyseverktøy for nasjonale prøver inneverande skoleår.

Statsforvaltaren finn det uklart kva endringstiltak skolen har valt ut og arbeider med no. I intervju trekk dei tilsette fram arbeidet med Språkløyper og digitalisering som døme på endringar skolen har arbeidd kollektivt med dei siste åra. Undersøkingane våre viser at skolen arbeidde systematisk med Språkløyper 2017-2019. På same måte har skolen arbeidd med digitalisering sidan 2019. Vi forstår at dei digitale fyrtårna er sentrale i arbeidet med å heve lærarane sin kompetanse og legge til rette for bruk av Chromebook i undervisninga. Vi finn ikkje at desse to satsingsområda, eller tiltak knytt til dei, er omtala i utviklingsplanen.

Undersøkingane våre viser døme på at skolen har identifisert behov for endringar utover utviklingsområda. Rektor seier at skolen har omorganisert svømmeundervisninga ved å ta i bruk våtdrakter ute for at elevane skal få høgare måloppnåing. Vi ser at skolen gjer vurderingar når dei skal velje nye læreverk og at rektor har drøfta ulike tiltak for å følge opp nasjonale prøver med Tau ungdomsskole. I dokumentet *Nasjonale prøver i lesing* finn vi at personalet skal ta stilling til kva dei må endre i undervisninga på 1., 4. og 5. trinn for at elevane skal vere betre førebudde på prøvane. Det er uklart for oss om dette har ført til tiltak som gjeld heile skolen.

Regelverket krev at skolen skal identifisere kva endringar som *best* kan auke elevane si måloppnåing. Vurderinga av kunnskapsgrunnlaget, saman med fagleg-pedagogiske vurderingar, må derfor ligge til grunn for val av utviklingsområde og endringar. Vi meiner at det er samsvar mellom resultatata på nasjonale prøver og val av utviklingsområda lesing, skriving og rekning. Vi legg derfor til grunn at det har blitt gjort vurderingar når desse utviklingsområda blei valt.

Statsforvaltaren meiner at det vil vere god praksis å dokumentere slike vurderingar i møtereferat eller samanfatta i utviklingsplanen. Vurderingane vil vere til god hjelp når skolen skal utforme framtidsbilete og identifisere endringar innanfor utviklingsområda.

I dokumentet *Refleksjon og vurdering av våre resultater...* les vi at personalet skal gjere eit forarbeid til kjenneteikn på god praksis og delmål i den nye utviklingsplanen. Vi legg derfor til grunn at rektor i denne samanhengen vil vurdere ulike endringar. Dette dokumentet viser òg ein tydeleg samanheng mellom kunnskapsgrunnlaget og identifisering og vurdering av ulike endringar. Dei samla funna våre viser likevel ikkje at skolen pr. no har vurdert kva tiltak som *best* kan auke elevane si måloppnåing på grunnlag av kunnskapsgrunnlaget og fagleg-pedagogiske vurderingar.

Vi skal ikkje vurdere i kva grad skolen gjennomfører ulike endringar, men kva vurderingar som ligg bak. Når det er så uklart kva endringar skolen faktisk har arbeidd med dei siste åra, blir det også uklart om skolen har identifisert behov for og vurdert ulike endringar, og om endringane er for heile skolen. Arbeidet med ny utviklingsplan viser at skolen er i gang med slike vurderingar.

Statsforvaltaren sin konklusjon er at skolen ikkje i tilstrekkeleg grad oppfyller krava i lovverket.

For å oppfylle kravet må skolen synleggjere prosessane dei gjennomfører for å vurdere kva endringar som best kan auke elevane si måloppnåing innanfor dei utvalde utviklingsområda.

Evaluerer skolen dei iverksette endringane og gjer nødvendige tilpassingar?

Hensikta med den skolebaserte vurderinga er å sørge for at skolen stadig lærer og utviklar seg slik at elevane i endå større grad kan nå måla i læreplanverket. I tilsynet skal vi derfor belyse om skolen vurderer om endringane som er sette i verk fører til auka måloppnåing for elevane, eller om det er behov for å justere arbeidet undervegs.

For å kunne vurdere i kva grad arbeidet fører fram, må skolen ha noko å måle etter. Slike delmål kan vere utforma som framtidsbilete med teikn på god praksis. I skolen sin utviklingsplan finn vi *Tegn på god praksis*. Desse er i hovudsak formulerte ut frå lærarperspektivet. Vi viser til vurderinga under *førre spørsmål* og meiner at framtidsbiletet står fram som vanskeleg for skolen å evaluere etter. Planen skisserer verktøy for å vurdere måloppnåing, eksempelvis nasjonale og lokale kartleggingar/undersøkingar og eigenvurdering. Vi meiner at verktøya er eigna. Planen omtaler ikkje når og korleis endringsarbeidet skal evaluerast.

God praksis for å kunne evaluere verknaden av endringane vil vere å gjennomføre ei systematisk utprøving av tiltaka og ha tidfesta stopp-punkt for å evaluere dei. I dokumentasjonen ser vi at skolen hadde nokre stopp-punkt for å evaluere dei to første åra i utviklingsarbeidet. Vi finn at skolen har gjennomført to eigenvurderingar, ei av digital kompetanse og ei i arbeidet med fagfornyinga. Det er uklart for oss om skolen ser dette arbeidet i samanheng med framtidsbiletet i skolens utviklingsplan og i kva grad elevane når måla. Plan for utviklingsarbeid 20/21 har ingen stopp-punkt for å evaluere endringane. Skolens arbeid med å følgje opp etter nasjonale prøver oppfattar vi som systematisk, men vi finn at arbeidet handlar om tilpassingar og tiltak for å sikre progresjon hos enkeltelevar og klassar og ikkje ei evaluering av igangsette endringar for skolen som heilskap. I eitt referat frå trinnleiarmøte denne våren finn vi eit døme på at lærarane har

identifisert behov for endringar i leseopplæringa på skolen. I intervjuet kjem det fram at personalet reflekterer over eigen praksis. Vi finn likevel ikkje at vurderingane av endra praksis er knytt til skolens framtidsbilette eller verktøya skolen har for å vurdere elevane si måloppnåing. Samla dokumentasjon viser dermed ikkje at skolen legg til rette for eller gjennomfører ei forpliktande og systematisk evaluering av om skolen sitt utviklingsarbeid fører fram.

Regelverket krev at dersom endringane ikkje fører til betring, må skolen følgje det opp og gjer nødvendige tilpassingar. Kommunen sitt system for årsrapportering legg føringar for at skolen skal evaluere arbeidet årleg, og vi legg til grunn at det skal danne grunnlag for å gjere nødvendige justeringar. I vedlagte årsrapportar finn vi nokre eksempel på at rektor vurderer at tiltak verkar og eksempel på at rektor vurderer å justere praksis. Skolen rapporterer vidare om lav skår på nasjonale undersøkingar. Vi finn likevel ikkje at skolen gjennomfører nødvendige justeringar i utviklingsarbeidet for i større grad å nå måla.

Oppsummert finn vi at skolen gjer nokre vurderingar undervegs i endringsarbeidet. Vi får likevel ikkje stadfesta at skolen systematisk gjennomfører prosessar kor dei bruker framtidsbiletet og resultat til å identifisere kva endringar som fører til betring eller ikkje for skolen som heilskap. Skolen har dermed eit svakt grunnlag for å velje vekk endringar som ikkje verkar, eller justere og finne fram til andre tiltak eller aktivitetar for å nå måla. Vi får heller ikkje stadfesta at skolen gjer nødvendige tilpassingar.

Statsforvaltaren sin konklusjon er at skolen ikkje oppfyller krava i regelverket til å evaluere dei iverksette endringane og til å gjer nødvendige tilpassingar.

For å oppfylle krava må skolen ha tilstrekkelege system og praksis for å evaluere endringane. Prosessane må få fram i kva grad endringane som er sett i verk fører til auka måloppnåing for elevane. Skolen må på grunnlag av evalueringa gjer nødvendige tilpassingar i endringsarbeidet.

2.2.2 Medverknad i den skolebaserte vurderinga

Skolen skal ha ein brei og representativ medverknad i den skolebaserte vurderinga. Det betyr at alle det vedkjem skal bli involverte i analysen og i arbeidet med endringar og tiltak på bakgrunn av analysen.

Sørger skolen for ein brei og representativ medverknad i den skolebaserte vurderinga?

Vi har undersøkt korleis personalet blir involverte i den skolebaserte vurderinga. Vi finn at lærarane reflekterer over eigen praksis. Vi er kjende med at dei er involverte i gjennomføringa av endringstiltak, bla. i form av kompetanseheving og endringar i skolens praksis. Lærarane sjølv framhevar arbeidet med Chromebook og Språkløyper som noko dei har vore involverte i og har utvikla seg gjennom.

Vi vurderer at organiseringa med fellesmøte, trinn og trinnleiarmøte legg til rette for involvering og eit lærande fellesskap. Vi ser også at skolen har moglegheit for å involvere tillitsvald i større grad i den skolebaserte vurderinga. Funna våre viser at lærarane opplever å bli involverte og at strukturen sørger for informasjonsflyt mellom dei ulike nivåa på skolen.

I dokumentet *Innspill til utviklingsplan* les vi at personalet gav innspel til den kommunale planen på kva dei meiner er viktig i neste utviklingsperiode. Vi registrerer at lærarane spelar inn korleis dei vurderer at skolen kan lukkast betre i utviklingsarbeidet. I *Plan for utviklingsarbeid og Eksempel på årshjul* ser vi at endringsarbeid har vore tema i skolens fellestid. Stopp-punkta i årshjula kunne med fordel hatt mål for arbeidet. Vi finn ikkje at skolen har ordningar som kollegaobservasjon eller skolevandring for å utvikle skolens praksis. Vi meiner likevel at funna viser at lærarane er involverte i fleire sentrale prosessar i den skolebaserte vurderinga.

Tilsynet skal belyse om *personalet gjennom vurderinga blir bevisstgjort på samanhengen mellom gjennomføringa av opplæringa og i kva for grad elevane når måla*. Vi har allereie konkludert med at skolen har eit fragmentert bilete av nåsituasjonen og vi finn ikkje at lærarane har eit særleg bevisst forhold til resultatane frå Skoleporten og kva i skolens praksis som kan ligge til grunn for resultatane. I intervjuet kjem det heller ikkje fram at lærarane opplever å medverke i prosessane før utviklingsområda blir valt. Ein konsekvens av dette er at lærarane sin kunnskap om skolen sin praksis ikkje blir ein del av analysen. Ein annan konsekvens kan vere at utviklingsområda blir vanskelegare å forankre i personalet, då det kan bli ulike oppfatningar og forståing for nåsituasjonen.

Likevel finn vi at personalet no våren 2021 er involverte i prosessar for å finne fram til kva som er bra i skolens praksis og kva som bør endrast på innanfor dei utvalde satsingsområda. Oppgåvene lærarane arbeider med gir føringar for å bruke ulike kjelder til informasjon i vurderingane; undersøkingar, egne erfaringar og innspel frå elev- og utviklingssamtalar. Ved å involvere lærarane i slike prosessar legg skolen til rette for å bevisstgjere dei på samanhengen mellom skolens praksis og i kva grad elevane når måla.

Vi har tidlegare konkludert med at skolen ikkje tilstrekkeleg evaluerer endringane undervegs i utviklingsarbeidet. Vi framhevar viktigeitane av å vere sentrale i utprøvingane en endringstiltaka og prosessane kor skolen vurderer om endringane fører fram eller om dei må justerast. Vår konklusjon er at skolen i det vidare arbeidet må ha eit system og praksis for å involvere personalet i evalueringar av endringane for å oppfylle kravet fullt ut.

Vi har også undersøkt om skolen involverer andre i den skolebaserte vurderinga. Vi finn at skolen har eit etablert SU, SMU og FAU. Vi finn at skolen har etterspurt innspel til utviklingsplanen. Våre funn viser likevel at skolen i hovudsak informerer utvala om resultat frå undersøkingar og kva skolen arbeider med. Rektor seier at skolen får flest tilbakemeldingar på det som gjeld læringsmiljøet. Skolen har ikkje dokumentert at dei har ein plan for involveringa og rektor stadfestar at dei ikkje har eit årshjul som synleggjer kva utvala skal involverast i og når det skal skje.

Eit formål med involveringa er å få kunnskap frå dei det angår. Funna våre viser at skolen har låg svarprosent på Foreldreundersøkinga og at skolen i lita grad bruker foreldra som kjelde til informasjon i den skolebaserte vurderinga. SU er eit rådgjevande organ som kan uttale seg om *alle saker som gjeld skulen*. Då utvalet består av representantar frå både undervisningspersonalet, andre tilsette, foreldrerådet, elevane og kommunen, vil prosessane i dette utvalet kunne bidra til brei og representativ medverknad. Gjennom å bruke SU og å jobbe for høgare

svarprosent i foreldreundersøkinga vil skolen kunne få eit breiare kunnskapsgrunnlag i analysen. Skolen vil slik også kunne gjere seg nytte av foreldra sine erfaringar i evalueringa av endringane.

Statsforvaltaren sin konklusjon er at skolen ikkje oppfyller alle krava til brei og representativ medverknad i den skolebaserte vurderinga.

For å oppfylle kravet til brei og representativ medverknad frå foreldre og andre, vurderer vi at skolen må synleggjere ei større bevisstheit rundt involveringa. Koplinga til den skolebaserte vurderinga må vere tydeleg. Mål med involveringa og når prosessane skal skje bør kome fram av skolen sine årshjul/planar.

For å oppfylle krava til å involvere personalet, må skolen også involvere dei i evalueringar undervegs i endringsarbeidet som har til formål å sjå om skolen er nærmare framtidsbiletet og om endringar i praksis fører til at elevane når måla i læreplanverket i større grad enn tidlegare.

Involverer skolen elevane i den skolebaserte vurderinga?

Skolen skal alltid involvere elevane når dei vurderer korleis eigen praksis bidrar til at elevane når måla i læreplanen.

I våre undersøkingar finn vi at elevane gir tilbakemeldingar til skolen gjennom ulike undersøkingar og at dei slik bidrar til kunnskapsgrunnlaget. Elevane svarer på trivselsundersøkingar, men vi finn at lærarane i varierende grad spør hos elevane kva som ligg bak tala og svara i ulike undersøkingar.

Skolen har ikkje dokumentert korleis lærarane vurderer undervisninga saman med elevane, såkalla undervisningsvurdering⁸. Føremålet med undervisningsvurderinga er å forbetre opplæringa for elevane i aktuell klasse, men også som informasjon i den skolebaserte vurderinga, spesielt i gjennomføringa av endringane. Vi meiner at skolen i større grad må bruke elevane sine erfaringar i arbeidet med utviklingsområda.

Regelverket seier at skolen kan vurdere kva for elevgrupper og kor mange ut i frå kva som er temaet. Vi oppfattar at grupper av elevar er involverte i gjennomføringa av TL-programmet og vennskapsveka. Skolen har eit etablert elevråd. Vi finn ikkje at skolen har ein plan for elevrådsarbeidet. Dei to referata som skolen har lagt ved er frå seinare tid. Dei viser at utviklingsplanen har vore tema på eitt møte og at elevane kom med innspel til gjennomføringa av nasjonale prøver og kva skolen kan gjere for å auke lesenivået på eit komande møte. Elevane hadde i oppdrag å spør etter i klassen før møtet. Vi er ikkje kjende med korleis skolen tar innspela med i sine vurderingar eller at skolen har ein etablert praksis for å involvere elevane i slike spørsmål. Skolen har eit etablert SMU. I referata frå møta i SU/SMU finn vi døme på at elevrepresentantane uttaler seg om skolemiljøet. Vi ser at ønsker frå elevrådet knytt til skolemiljø blir informerte om i SMU-møta. Dokumentasjonen viser likevel ikkje at det er prosessar i utvalet som er knytt til den skolebaserte vurderinga, bortsett frå at utvala blir informerte om resultat frå nasjonale kartleggingar.

⁸ [Undervisningsvurdering – ein rettleiar for elevar og lærarar \(udir.no\)](#)

For å kunne vurdere i kva for grad organiseringa, tilrettelegginga og gjennomføringa av opplæringa bidrar til at elevane når måla i læreplanverket, må skolen alltid involvere elevane. Vi vurderer at skolen i større grad må bruke elevane sin kunnskap og erfaringar i den skolebaserte vurderinga.

Statsforvaltaren sin konklusjon er at skolen ikkje oppfyller krava i regelverket på dette punktet.

For å oppfylle kravet må skolen ha eit bevisst forhold til kva elevane skal involverast i. Skolen må ha eit system for involveringa og gjennomføre prosessar som sørger for medverknad frå elevane i den skolebaserte vurderinga.

2.2.3 Jamleg skolebasert vurdering

Strand kommune har eit system med kommunale fireårige utviklingsplanar. Kvar skole skal med utgangspunkt i den kommunale planen utarbeide ein plan for eigen skole. I tillegg har skoleeigar sjekklister og årleg årsrapport. Vi skal ikkje vurdere skoleeigar sitt system i dette tilsynet, men skoleeigar sitt system legg til ei viss grad til rette for skolebasert vurdering.

Gjennomfører skolen skolebasert vurdering jamleg?

Regelverket krev at skolen skal gjennomføre skolebasert vurdering jamleg. I utgangspunktet bør det skje årleg, men samstundes kan skolen vurdere tidsbruken opp mot kva som er forsvarleg. Det betyr at skolen i utgangspunktet årleg skal vurdere kunnskapsgrunnlaget, endringar og evaluere. Årsrapport og sjekklister viser at det er system for å analysere resultatane frå nasjonale prøver, Elevundersøkinga, Foreldreundersøkinga og kartleggingsprøver årleg. I tillegg skal skolane vurdere tiltak utifrå resultatane frå nasjonale prøver og Elevundersøkinga, og evaluere utviklingsmåla. Tau skole har ikkje eit eige årshjul som viser stopp-punkt for dei ulike prosessane i den skolebaserte vurderinga.

Undersøkingane våre viser at det er manglar i prosessane i den skolebaserte vurderinga. Statsforvaltaren si vurdering er at arbeidet med kvalitetsutvikling på Tau skole er fragmentert, og at det ikkje er heilskaplege prosessar som bind kunnskapsgrunnlaget, endringar og evalueringar saman. Vi stiller også spørsmål ved om val av utviklingsområde er skolebasert eller valt av skoleeigar ved kommunal arbeidsgruppe. Vi har heller ikkje funne samanheng mellom utviklingsplanen og planen for digitalisering.

Regelverket krev at skolen skal gjennomføre skolebasert vurdering årleg, men at skolen kan vurdere om det er hensiktsmessig tidsbruk. Vi har ikkje funne at Tau skole vurderer kunnskapsgrunnlaget, identifiserer endringar og evaluerer endringane årleg, og heller ikkje at dei har gjort vurderingar som tilseier at dei skal gjennomføre prosessane sjeldnare.

Statsforvaltaren meiner at systemet med fireårig kommunal utviklingsplan *kan* samsvare med krava til skolebasert vurdering dersom kunnskapsgrunnlaget ved dei enkelte skolane blir lagt til grunn for val av utviklingsområde og ved at endringane (som i dag) blir vurderte og valt ut på dei einskilde skolane. Statsforvaltaren meiner at skolane likevel minst årleg må evaluere og justere tiltaka for å oppfylle krava i regelverket.

Vi meiner at dei samla funna ikkje viser at skolen gjennomfører skolebasert vurdering i tråd med oppl. § 13-3e årleg, og at skolen heller ikkje har gjort vurderingar om årlege prosessar er forsvarleg tidsbruk eller ikkje.

Statsforvaltaren sin konklusjon er at Tau skole ikkje oppfyller krava til regelverket på dette punktet.

For å oppfylle krava i regelverket må Tau skole vise til system som sørger for at skolen gjennomfører prosessane i skolebasert vurdering jamleg.

3 Våre reaksjonar

3.1 Pålegg om retting

I kapitla over har vi konstatert at de ikkje oppfyller regelverket. Det er kommunen som er ansvarleg for at skolen blir driven i samsvar med regelverket, jf. opplæringslova § 13-10.

Vi har funne at de ikkje etterlever regelverket på alle område. Det er kommunen som er ansvarleg for at skolen blir driven i samsvar med regelverket, jf. opplæringslova § 13-10. Vi pålegg dykk å rette opp følgjande, jf. kommunelova § 30-4:

Strand kommune må sørge for at Tau skole oppfyller kravet til skolebasert vurdering jf. opplæringslova § 13-3e.

Kommunen må sørge for at skolen

- Bruker eit breitt kunnskapsgrunnlag for å vurdere om elevane når måla i læreplanverket
- Vurderer om endringar i organiseringa, tilrettelegginga og gjennomføringa av opplæringa kan bidra til auka måloppnåing hos elevane
- Evaluerer dei iverksette endringane og gjer nødvendige tilpassingar
- Har brei og representativ medverknad i arbeidet med skolebasert vurdering
- Involverer elevane i den skolebaserte vurderinga
- Gjennomfører skolebasert vurdering jamleg

3.2 Oppfølging av pålegga

De skal setje i verkt tiltak for å rette brot på regelverket straks. Når pålegga er retta, skal de erklære at rettinga er gjennomført og gjere greie for korleis de har retta.

Fristen er 01.11.2021. Vi vil ikkje avslutte tilsynet før de gjennom erklæringa og utgreiinga har vist at pålegga er retta.

4 De har rett til å klage

Tilsynsrapporten er eit enkeltvedtak etter forvaltningslova § 2 bokstav b. De kan klage på enkeltvedtaket.

Dersom de klagar, må de gjere det innan tre veker. Fristen gjeld frå beskjed om at brevet har komme fram til dykk, jf. forvaltningslova §§ 28 og 29. De sender klagen til oss. Vi har moglegheit til å omgjere vedtaket. Dersom vi ikkje er einig med dykk, sender vi klagen til Utdanningsdirektoratet som avgjer saka.

I forvaltningslova § 32 kan de sjå korleis de skal utforme klagen.

De kan be om at vi ikkje set i verk vedtaket før klagefristen er ute, eller klagen er endeleg avgjort av Utdanningsdirektoratet, jf. forvaltningslova § 42.

De er part i saken og har rett til innsyn i saksdokumenta, jf. forvaltningslova § 18.

Stavanger 21.06.2021

Lina Bryne Larsen
tilsynsleiar

Elisabeth Ur Fjørtoft

Vedlegg: Liste over dokumentasjon

- Arbeid med språkløyper 2016
- Egenvurderinger, utviklingssamtale
- Eksempel på arbeid med fagfornyelsen
- Eksempel på årshjul
- Epost om evaluering av skoleår med Chromebook og tilbakemeldinger fra trinn
- Erfaringsutveksling språkløyper
- Evaluering matematisk kompetanse utviklingsplan
- Evaluering sosial kompetanse utviklingsplan
- Evakuering sosial kompetanse 20.01.18
- Evaluering elevundersøkelsen 2018
- Henvisning til spes.ped.team
- Hvordan skal vi bruke resultatene etter kartlegging
- Innkalling utviklingssamtale
- Innspill 1-10 skole
- Innspill til utviklingsplan 2021-2025
- Kartlegging av skolens vurderingspraksis
- Kartleggingsrutiner
- Mal elevsamtale, plan for psykososialt miljø
- Nasjonale prøver lesing 2020 – vurderinger frå ulike trinn
- Oppfølging etter nasjonale prøver matematikk 2018
- Oppsummering utviklingssamtale
- Organisasjonskart
- Organisering rolle
- Plan for arbeid med språkløyper
- Plan for gjennomføring av språkløyper
- Plan for utviklingsarbeid skoleåret 2020-2021
- Plan for opplæring personalet CB våren 2019
- Plan for arbeid med ny utviklingsplan 2021-2025 - språk og inkludering
- Plan for pedagogisk utviklingsarbeid våren 2020
- Protokoll arbeidsavtale
- Referat frå elevråd 02.11.20 og 09.03.2021
- Referat frå FAU 02.12.20
- Referat frå møte med Tau ungdomsskole med nasjonale
- Referat SMU, SU 12.02.19, 26.03.19, 01.10.19, 03.11.20, 23.02.2021
- Referater frå trinnledermøter 09.01.18, 10.02.21, 19.11.20, 20.02.20, 21.10.20, 25.03.20
- Refleksjon i foreldrenettverk 07.11.2018
- Refleksjon matematikkundervisning plandag
- Refleksjon og drøfting - en god skole 10.09.2018
- Refleksjon og vurdering i forbindelse med ny utviklingsplan
- Rutiner overgang barne- og ungdomsskole
- Rutiner overgang barnehage-skole
- Sjekkliste og årshjul for skolene i Strand
- Strategi for digitalisering av Strandaskolen 1:1

- Trivselsundersøkelse mellomtrinn
- Trivselsundersøkelse småskoletrinn
- Utviklingsplan for Strandaskolen 2021-2025
- Utviklingsplan for Tau skole 2016-2020
- Vurdering av egen praksis autoritativ klasseledelse
- Vurderingskriterier for val av leseverk
- Årsrapport 2019
- Årsrapport 2020